



**Notat**

Dato: 31.08.2014  
Arkivsak: 2014/18498-2  
Saksbehandlar: karoen\_

---

**Til:** Adminstrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Innføring av tilsettingskontroll i HFK**

Som følgje av varsle reduksjon i driftsbudsjettet i åra framover drøfta fylkesrådmannen med si leiargruppe i møte 12. august 2014 tiltak for å få meir styring med kostnadane. Eit tiltak som vart drøfta var tilsettingskontroll.

Fylkesrådmannen presenterte saka for dei hovudtillitsvalde i info- og drøftingsmøte den 20.08.2014. Organisasjonane føreset at alle avdelingar viser lojalitet ved innføring av ein tilsettingskontroll.

Etter drøfting med dei hovudtillitsvalde og i rådmannen si leiargruppe har fylkesrådmannen gjort vedtak om å innføre tilsettingskontroll i HFK. Tilsettingskontrollen inneber kontroll av alle nye tilsettingar i fylkesadminstrasjonen, i Skyss og i merkantile stillingar ved dei vidaregåande skulane. Dette inneber at fylkeskommunen må nøyne vurdere behovet for den einskilde stilling som vert ledig, om ho for ein periode kan stå vakant eller om oppgåvane tillagt stillinga kan løysast ved intern rokering av personalressursar.

Ordnингa tok til å gjelda frå 20. august. Einingsleiarar som ynskjer å lyse ut stillingar, må no gjere greie for behovet i eit notat som skal sendast via ansvarleg fylkesdirektør til fylkesrådmannen. Eventuell utlysing av ledige stillingar vil så verte vurdert av fylkesrådmannen saman med fylkesdirektør organisasjon, personaldirektøren og den aktuelle fylkesdirektøren.

Stillingar som allereie er utlyste skal vurderast i lys av tilsettingskontrollen.